

GISKE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

25.09.2012

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag 02.10.2012 kl. 13.00**  
**på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 19/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 7. mai 2012
- « 20/12 - Vedkomande budsjett 2013 – Giske kontrollutval
- « 21/12 - Pleiefaktor og tilsynslegeordning i det nye omsorgssenteret på Valderøya
- « 22/12 - Orientering om utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset i forhold til betalt straffegebyr.
- « 23/12 - Bruk av leasing til anskaffelse av køyretøy og maskinar i Giske kommune. (Omfang, retningslinjer, kostnader osv)
- « 24/12 - Orientering ved kommunerevisjonen om forvaltningsrevisjonsprosjektet - Ressursar til spesialundervisning (kva er gjort, arbeidet vidare osv)
- « 25/12 - Plan for forvaltningsrevisjon - drøfting av tema i forkant av framlegging av plan for forvaltningsrevisjon

Sakene 21, 22, 23 og 24 er orienteringssaker for eventuell seinare oppfølging.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 07.05.2012 kl. 13.00  
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Arnfinn Rune Giske, Harald Hole, Ruth Roald

Anne Lise Hessen Følsvik og varamedlem Geirmund Oltedal hadde meldt forfall.

**= 4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Giske kommune møtte rådmann Martin G. Bostad, økonomisjef Sigmund Strand og Leif Kåre Walderhaug i sak 16/12 og 17/12.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 15/12  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. APRIL 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 24. april 2012 blir godkjent.

**SAK 16/12  
ÅRSMELDING 2011 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling datert 07.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Årsmelding 2011 for Giske kommune gir eit godt og informativt oversyn over kommunen sin aktivitet i 2011.
2. Kontrollutvalet seier seg samd i ordlyden frå rammeområde teknisk – nest på side 49 og øvst på side 50:  
*”Kommunen må ha ein grundigare planlegging av investeringane før dei blir tatt inn i budsjettet” og -----, ”samt kome fram til meir korrekte mål for kva eininga vil rekke over, både prosjekt i eigen regi og oppfølging og igangsetting av tiltak som skal ut på anbod.”*
3. Ein bør også sjå nærare på årsaka til stort avvik i netto driftsutgifter per innbyggjar 1 – 5 år og 6 – 15 år i høve til snittet i gruppe 10 (side 55).
4. Kontrollutvalet ser med uro på kommunen sin økonomiske handlefridom i åra som kjem, t.d. lånegjeld, avdragstid, avkastning på kapital og liknande og vil vurdere å ha eit spesielt fokus på dette i form av t.d. ei analyse.
5. Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Giske kommune til orientering.

### **SAK 17/12**

#### **KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.05.3012

### **Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Giske kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent
2. Innan enkelte rammeområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1.

### **SAK 18/12**

#### **ORIENTERING OM REVISJONSARBEIDET**

Dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen ga ei orientering.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

### **SAK 18/12**

#### **OPPFØLGING AV OPPLYSNINGAR I ÅRSMELDINGA**

Saka kom opp under eventuelt)

Det blir vist til sak 06/12 om oppgåvefordeling mellom medlemmane i kontrollutvalet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Frå årsmeldingane til einingane tek medlemmane ein gjennomgang innanfor sine respektive område.

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Arnfinn Rune Giske  
medlem  
(sign.)

Harald Hole  
medlem  
(sign.)

Ruth Roald  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVASEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 25.09.2012

**SAK 20/12**  
**VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 - GISKE KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Giske kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Giske kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 50.000 kroner.

Harald Rogne  
dagleg leiar